

SULA KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

08.10.2015

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemmane av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SULA KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag, 15.10.2015 kl. 14.00 på  
kontrollutvalsekretariatet sine lokalar**

**SAKLISTE:**

- Sak 12/15 - Godkjenning av møtebok frå møte 30. april 2015
- « 13/15 - Nærare informasjon om planlagt selskapskontroll
- « 14/15 - Nærare vurdering av planlagt forvaltningsrevisjon barnevern
- « 15/15 - Brev frå Per Ola Måseide m.fl.  
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Jim Arve Røssevoll  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUVALET I  
SULA KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 30.04.2015, kl.13.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine møtelokalar, Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av Jim Arve Røssevoll

Elles til stades:

Gunvor Reistad Aannø og Per Sortehaug

= **3 voterande**

Jan Arild Lied, Marianne Molvær Nygård og Svein Værnes hadde forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte: Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte: Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Sula kommune møtte rådmann Leon Aurdal, økonomisjef Britt Blindheim og driftseiningsleiar Terje Havnegjerde

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**SAK 07/15**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 17. MARS 2015**

---

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 17. mars 2015 blir godkjent.

**SAK 08/15**

**ÅRSMELDING 2014 – SULA KOMMUNE**

Innstilling datert 27.04.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek årsmelding 2014 for Sula kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet har merka seg at utviklinga i resultat og lånegjeld er negativ. Nøktern pengebruk vil vere avgjerande for økonomisk handlefridom i komande år.

**SAK 09/15**

**KOMMUNEREKNESKAPEN 2014 – SULA KOMMUNE**

Innstilling datert 27.04.2015 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

Sula kommune sin rekneskap for 2014 blir godkjent.

**SAK 10/15**

**TOMT VED KIRKEKRYSET**

Saksdokument datert 27.04.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Rådmann Leon Aurdal og driftseiningsleiar Terje Hamngjerde orienterte. Av orienteringa gjekk det m.a. fram at kjøpar hadde vidareseid tomta.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet viser til k-sak 020/14 der ein set visse vilkår for sal av gnr. 104 bnr. 31 i Djupdalen. Dersom det vert gjort endringar som ikkje er i samsvar med intensjonane med ovannemnde vedtak, bør kommunen vurdere å nytte sin rett til å få området tilbakeført. Kontrollutvalet vil i ein slik situasjon tilrå at rådmannen legg fram ei sak for kommunestyret om dette spørsmålet.

**SAK 11/15**

**OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM BYGGESAKER**

Saksdokument datert 27.04.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Rådmann Leon Aurdal og driftseiningsleiar Terje Hamngjerde orienterte om arbeidet med tiltak som no er på gang.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Rådmannen blir bedt om å gi ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet.

Jim Arve Røssevoll  
leiar  
(sign.)

Gunnvor Reistad Aannø  
medlem  
(sign.)

Per Sortehaug  
varamedlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sula kommune

Dato: 08.10.2015

**SAK 13/15  
NÆRARE INFORMASJON OM PLANLAGT SELSKAPSKONTROLL**

Temaet var oppe til drøfting i sak 04/15. Dagleg leiar i kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen orienterte. Han opplyste konkret at brev om selskapskontroll vil bli sendt ut. Dette brevet følger vedlagt saka.

Kommunerevisjonen vil gi ein statusrapport.

Harald Rogne  
dagleg leiar

---



## Sula kontrollutval

Vår sakshandsamar:

Vår dato:

Vår referanse:

17.03.2015

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

## **OPPLEGG FOR SELSKAPSKONTROLL – SULA BEDRIFTSTENESTE AS**

I tilknytning til kommunestyret si behandling av plan for selskapskontroll i Sula kommune, vart det vedtatt å gjennomføre eigarskapskontroll i Sula Bedriftsteneste AS.

### *Bakgrunn om selskapet*

Sula Bedriftsteneste AS vart stifta i 1993, med Rolf Gudmundset som dagleg leiar.

Sula Bedriftsteneste AS er ei bedrift som gir eit tilrettelagt arbeid til personar som elles ikkje kan nytte seg av den ordinære arbeidsmarknaden. Ved starten av selskapet i 1993 var bedrifta godkjend med 10 plassar for tilrettelagt arbeid, og Sula Kommune var eigar av alle aksjane i bedrifta.

Sula Bedriftsteneste er difor eit kommunalt aksjeselskap, og har i heile tida hatt avtale med NAV for tilrettelegging av arbeid med ulike arbeidsoppgåver og arbeidstrening.

I dag har Sula Bedriftsteneste AS 26 arbeidsplassar i Varig Tilrettelagt Arbeid ( VTA ) og 4 plassar i Arbeidspraksis i Skjerma Verksemd ( APS ).

Selskapet har 4 avdelingar:

- Vaskeri
- Sy og Seil
- Maritim Produksjon

**Postadresse:**  
Postboks 7734, Spjellkavik  
6022 Ålesund

**Besøksadresse:**  
Lerstadvegen 545, 4 etg.  
**Epost:**  
komrev3@komrev3.no

**Telefon:**  
70 17 21 50  
**Telefaks:**  
70 17 21 51

**Bankkonto:**  
6540 05 00465  
**Føretaksregisteret:**  
NO 971 562 587

- Miljø og Brensel

### *Formålet med selskapskontrollen*

Selskapskontrollen er eit middel for å sjå etter at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i Sula Bedriftsteneste AS fungerer tilfredsstillande i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med aktuelle lover og reglar. Eigarskapskontrollen avgrensar seg til ei vurdering av om Sula kommune, som eigar, har etablert tilfredsstillande rammer for styring, og om verksemda faktisk opererer i tråd med formålet.

### *Nærare om opplegg for selskapskontroll i Sula Bedriftsteneste AS*

Kommunerevisjonen vil gjennomføre ein eigarskapskontroll i selskapet, der følgjande to generelle problemstillingar vil bli belyst:

1. Fører Sula kommune kontroll med sine eigarinteresser i Sula Bedriftsteneste AS?
  - Har Sula kommune etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser i Sula Bedriftsteneste AS?
  - Er rutinane gode nok, og blir dei følgt?
2. Blir eigarinteressene til Sula kommune utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelle lovreglar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?

Under punkt 2, vil ein meir konkret sjå på følgjande:

- Om avgjerder i selskapet blir fatta av rette organ (styret – generalforsamling)
- Blir selskapet styrt i samsvar med formålet nedfelt i vedtektene for selskapet?
- Har selskapet ei effektiv og økonomisk forsvarleg drift? I tilknytning til dette, vil ein gjere ei vurdering av om det er grunnlag for spesielle merknader knyta til økonomi, risikovurdering eller andre forvaltningsmessige forhold i selskapet, herunder ei vurdering av selskapet sin økonomi og rapportering.

Kommunerevisjonen legg opp til gjennomføring av selskapskontrollen i løpet av våren 2015.

Dette til kontrollutvalet si orientering.

Med helsing

Kjell Bjørnsen

dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sula kommune

Dato: 08.10.2015

**SAK 14/15  
NÆRARE VURDERING AV PLANLAGT FORVALTNINGSREVISJON -  
BARNEVERN**

Som vedlegg følger:

- Tilsynsrapport frå fylkesmannen datert 21.11.2014
- Tilsynsrapport frå fylkesmannen datert 15.05.2015

I kontrollutvalsak 04/15 vart følgjande vedteke om forvaltningsrevisjon:

*Kontrollutvalet ber om eit forprosjekt på forvaltningsrevisjon innan barnevernet.*

I ettertid har ein blitt kjent med to tilsyn frå fylkesmannen vedkomande barnevernet i Sula kommune.

Rapport frå tilsyn med Sula kommune sitt arbeid med oppfølging av barn i fosterheim datert 21.11.2014 avdekte ikkje lovbrøt/avvik, men det vart gitt ein merknad på at kommunen manglar strategi for å handtere auka saksmengde i barnevernet når det gjeld meldinga og undersøkingar.

Den andre tilsynsrapporten er datert 15.05.2015 og omhandlar tilsyn med fristar i barnevernsaker. Denne rapporten avdekte lovbrøt/avvik. Det går fram at det i andre halvår 2014 vart avslutta 63 undersøkingar der 30 av barna ikkje fekk saka si undersøkt innan lova sin frist.

Kommunen fekk ein frist til 26. juni 2015 til å utforme ein plan for korleis kommunen på kort sikt kan kome ajour med sakene. Vidare fekk kommunen ein frist til 15. november 2015 med å lage ei grundig analyse og på bakgrunn av denne klargjere kva som må til for at kommunen utfører barneverntenester i samsvar med lovkrav.

Den 9. juli 2015 vart det halde eit møte mellom leiaren i kontrollutvalet, kontrollutvalsekretariatet og to representantar frå kommunerevisjonen. Prosjektskissa for forvaltningsrevisjon av barnevernet var tema.

Det vart reist spørsmålsteikn ved om ein forvaltningsrevisjon av barnevernet framleis var aktuelt. Statleg tilsyn vil ofte kunne erstatte ein forvaltningsrevisjon og det er dårleg ressursbruk at fleire instansar undersøker same forhold. Det skal også ligge føre ei viss samordning av forvaltningsrevisjonar opp i mot kva type tilsyn fylkesmannen har i sitt årsprogram.

Slik situasjonen har blitt, kan det vere vel så nyttig som ein eigen forvaltningsrevisjon å følge med i det forbetningsarbeidet som no skal gjerast i kommunen. Ettersom kommunen har blitt pålagt å lage handlingsplanar med nærare fristar, kan det vere føremålstenleg for kontrollutvalet å be rådmannen halde kontrollutvalet orientert om det arbeidet som er gjort og det som skal vere under arbeid. Med utgangspunkt i det som kjem fram ovanfor, kan denne forvaltningsrevisjonen takast ut av plan for forvaltningsrevisjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt


**v e d t a k :**

Forvaltningsrevisjon av barnevern i Sula kommune blir ikkje gjennomført.

Harald Rogne  
dagleg leiar



Sula kommune  
postboks 280  
6030 LANGEVÅG



## Rapport frå tilsyn med Sula kommune sitt arbeid med oppfølging av barn i fosterheim

Vedlagt følgjer rapport frå tilsyn med barnverntenesta i Sula kommune. Rapporten har vore sendt til kommunen for kommentar. Tilbakemeldinga er innarbeidd og rapporten er dermed endeleg.

Det vart gjeve ein merknad som gjeld styringa av barnevernet. Fylkesmannen vil gå gjennom kommunen si rapportering for 2. halvår 2014 og vurdere vidare oppfølging av desse tilhøva etter dette. Tilsynet med kommunen sitt arbeid med oppfølging av barn i fosterheim er med dette avslutta.

Fylkesmannen takkar kommunen for godt samarbeid med å gjennomføre denne systemrevisjonen!

Med helsing

Christian Bjelke (e.f.)  
Fylkeslege/direktør

Heidrunn Avdem

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

vedlegg:

1 Rapport frå tilsyn med Sula kommune sitt arbeid med oppfølging av barn i fosterheim

Kopi med vedlegg:

Statens helsetilsyn postboks 8128 Dep 0032 OSLO



## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

### Rapport frå tilsyn med oppfølging av barn i fosterheim i Barneverntenesta i Sula

**Adressa til verksemda:** Postboks 280, 6030 Langevåg  
**Tidsrom for tilsynet:** 10.07.14 – 21.11.14  
**Kontaktperson i verksemda:** Siw Kristin Tønnesen

#### Samandrag

Systemrevisjonen gjaldt følgjande område: Kommunen sitt arbeid med oppfølging av barn i fosterheim. For å kontrollere om barneverntenesta følgjer med utviklinga til barn som er plasserte i fosterheim, undersøkte ein desse tilhøva:

- Oppfølging og kontroll av barnet sin situasjon i fosterheimen
- Korleis barnet har fått medverke
- Råd og rettleiing til fosterforeldra
- Oppfølging av biologiske foreldre

Det vart ikkje avdekt lovbrøt/avvik i dette tilsynet. Det vart gjeve ein

#### Merknad:

Sula kommune manglar strategi for å handtere auka saksmengde i barnevernet når det gjeld meldingar og undersøkingar.

Molde den 21.11.14

Heidrunn Avdem  
revisjonsleiar

Liv Aasen  
revisor

Anders Skorpen  
revisor



## Innhald

Samandrag.....	1
1. Innleiing .....	3
2. Omtale av verksemda .....	3
3. Gjennomføring .....	4
4. Tema for tilsynet .....	4
5. Funn .....	4
6. Vurdering av styringa av barneverntenesta.....	4
7. Regelverk.....	5
8. Dokumentunderlag .....	5
9. Deltakarar ved tilsynet.....	5

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon ved barneverntenesta i Sula kommune i perioden 10.07.14 – 21.11.14. Revisjonen er ein del av Fylkesmannen sitt planlagte tilsyn i 2014 og er ein del av eit landsomfattende tilsyn som blir gjennomført etter oppdrag frå Helsetilsynet.

Fylkesmannen har fullmakt til å føre tilsyn med barneverntenesta etter lov om barneverntenester §§ 2-3 (4) og 2-3b.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda utøver internkontroll slik at ein sikrar at dei ulike krava i lovgjevinga blir følgt. Revisjonen undersøkte:

- kva tiltak verksemda har for å avdekke, rette opp og førebygge brot på lovgjevinga innan dei tema som tilsynet omfattar
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og ev. blir korrigerte når det er nødvendig
- om tiltaka er gode nok til å sikre at lovgjevinga blir følgd

Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar. Rapporten handlar om eventuelle avvik og merknader som er avdekte under revisjonen og er derfor ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** – når krav som er gitt i lov eller forskrift, ikkje er oppfylte
- **Merknad** – når tilsynsorganet finn grunn til å peike på forhold som bør forbetrast sjølv om dei ikkje er i strid med lover eller forskrifter.

## 2. Omtale av verksemda

Sula kommune har 8651 innbyggjarar. Av desse er 2412 under 19 år. Nær 28 % av alle innbyggjarar i kommunen er altså barn. I kommunane elles i fylket utgjer barnebefolkninga i gjennomsnitt 22,3 %.

Barneverntenesta er i dag organisert som ei eiga eining, men skal frå årskiftet organiserast saman med dei andre tenestene for barn og unge i kommunen. Barneverntenesta vart frå den 01.01.14 delt i to team, eit omsorgsteam og eit for undersøking og tiltak. Det er to medarbeidarar som for tida arbeider med å følgje opp barn i fosterheimar. Barnevernleiar har møte med omsorgsteamet kvar veke. Det blir laga årsplan for oppfølginga av alle fosterbarna i kommunen og arbeidet blir fortløpande dokumentert i saksmappene.

Tenesta har fått tilført 2 stillingar i perioden 2011 – 2014 gjennom den statlege styrkinga av kommunebarnevernet. Kommunen har etter dette 5,75 % saksbehandlarstillingar og ei 100% stilling til tiltak. Sula har færre stillingar i barnevernet pr. 1000 barn enn gjennomsnittet for kommunane i fylket og i kommunegruppa. Kommunen har også færre barn med barneverntiltak enn gjennomsnittet for fylket og kommunegruppa, men brukar likevel meir ressursar pr. barn. Dette kan ha samband med at kommunen har omsorg for mange barn, 30 % fleire enn gjennomsnittet for kommunane i fylket. Talet på nye undersøkingar har auka frå 55 i 2011 til 81 i 2013. Det var registrert 63 nye undersøkingar i første halvår 2014.

Sula kommune har 25 barn som bur i fosterheimar.

### 3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

**Revisjonsvarsel** vart sendt ut den 10.07.14.

**Opningsmøte** den 01.10.2014.

**Intervju** – av 6 medarbeidarar. Samtale med ansvarleg kommunalsjef.

**Sluttmøte** vart halde den 02.10.2014.

Det går fram i kapittel 8 kva slags dokumentasjon som var gjennomgått før revisjonen. Under besøket gjekk vi i tillegg gjennom dokumentasjonen om barnevernet sitt arbeid med fosterbarnet og fosterforeldra i 15 saksmapper. Vi såg særleg på:

- Plasseringsvedtaket
- Samværsavtale og – plan
- Omsorgsplan eller tiltaksplan
- Fosterheimsavtalar
- Journalnotat, møtereferat etter 01.01.2013.

### 4. Tema for tilsynet

Tilsynet gjaldt kommunen sitt arbeid med oppfølging av barn i fosterheim. For å kontrollere om barneverntenesta nøye og jamnleg følgjer med utviklinga til barn som er plasserte i fosterheim, undersøkte vi desse tilhøva:

- Oppfølging og kontroll av barnet sin situasjon i fosterheimen
- Korleis barnet har fått medverke
- Råd og rettleiing til fosterforeldra
- Oppfølging av biologiske foreldre

### 5. Funn

Tilsynet avdekte ikkje brot på barnevernslova (avvik) innan dei områda tilsynet omfatta. Tilsynet avdekte manglar i styringa av barnevernet som ga grunnlag for ein

#### Merknad:

Sula kommune manglar strategi for å handtere auka saksmengde i barnevernet når det gjeld meldingar og undersøkingar.

#### Grunngjeving

Talet på nye barnevernsmeldingar har auka vesentleg i 2014. Alle som vart intervjuja ga uttrykk for uro over korleis tenesta møter denne situasjonen.

## 6. Vurdering av styringa av barneverntenesta

Det følgjer av barnevernslova sin § 2-1. 2. ledd at kommunen skal etablere system for internkontroll med eiga verksemd. Internkontroll skal vera eit verktøy for systematisk styring og forbetring m.a. for å sikre at ein etterlever krava i lovverket. I tidlegare tilsyn med barneverntenesta i Sula har kommunen opplyst at ein skulle etablere eit internkontrollsystem innan 2011. I tilsynet kom det fram at ein framleis er i starten på dette arbeidet.

Fylkesmannen vurderer at det er innarbeidd arbeidsmåtar som sikrar at lovkrava blir oppfylte når det gjeld arbeidet med å følgje opp barn i fosterheimar.

Fylkesmannen merka seg den uttrykte bekymringa i tenesta over manglande samsvar mellom nye meldingar og kapasitet til å undersøke sakene og setja i verk naudsynte tiltak. Det er etablert praksis at barnevernsleiar utarbeider rapport til fagutvalet for helse- og sosial om situasjonen i tenesta to gonger for året i samband med halvårsrapporteringa til fylkesmannen. Kommunen ser likevel ut til å mangle ein overordna strategi for korleis ein skal møte store endringar i behova i tenesta. Tilsynet vurderer derfor at det i dagens situasjonen er ein risiko for at mange saker ikkje vil bli behandla i samsvar med lovkrava.

Fylkesmannen vil følgje opp dette som ei eiga sak i samband med rapporteringa for 2. halvår 2014.

## 7. Regelverk

FNs barnekonvensjon om barns rettigheter

Lov om barneverntjenester

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker

Forskrift om fosterhjem

Forskrift om internkontroll for kommunens oppgaver etter lov om barneverntjenester

## 8. Dokumentunderlag

Før revisjonen hadde vi fått tilsendt følgjande dokumentasjon om verksemda:

- Organisasjonskart
- Rutine/huskeliste for flytting av barn til fosterheim
- Delegasjonsreglement
- Leiaravtale for barnevernsleiar
- Signaturkort
- Delegert mynde til fast stedfortredar for barnevernsleiar
- Årsmelding 2013
- Rapportering til politisk nivå aug. 14
- Oversikt over fosterheimsplasserte barn
- Skriftlege rutinar som er relevante for fosterheimsarbeidet
- Oversikt over alle barna som kommunen har plassert i fosterheim.

## 9. Deltakarar i tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Siw Kristin Tønnesen	Barnevernsleiar	x	x	x
Nina Grønman	Barnevernskurator	x	x	x
Kristine Rakvåg	Barnevernskonsulent	x	x	x
Ann Kathrin Amdam Røsberg	Barnevernskurator	x		
Anja Iren Solevåg	Barnevernskurator	x	x	x
Camilla Wist Svendsen	Familieveileidar	x	x	x
Ann Kristin Melbøe	Barnevernskurator	x	x	x
Aina Iren Bjørge	Student	x		x
Leon Aurdal	rådmann	x		
Kjetil Fylling	kommunalsjef	x	x	x
Anne Grethe Skjærseth	kommunalsjef	x		x
Geir Ove Vegsund	Ordførar	x		x

**Frå tilsynsorganet deltok:**

Heidrunn Avdem, Liv Aasen og Anders Skorpen




## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Seniorrådgivar Eli Karin Walle, 71258458  
Seniorrådgivar Liv Aasen, 71258452

Vår dato  
15.05.2015  
Dykkar dato

Vår ref.  
2015/1825/ELWA/621  
Dykkar ref.

Sula kommune  
Postboks 280  
6039 LANGEVÅG



### Sula kommune - fylkesmannens tilsyn med fristar i barnevernsaker

Fylkesmannen oppretta tilsyn med Sula kommune på bakgrunn av høg andel fristbrot i gjennomføring av barnevernundersøkingar i 2014. I andre halvår 2014 vart det avslutta 63 undersøkingar der 30 av barna ikkje fekk saka si undersøkt innan lova sin frist på 3 månader (i særlege tilfelle 6 månader).

Fylkesmannen har eit særleg ansvar for å føre tilsyn med at fristane vert haldne og skal etter barnevernlova undersøke årsaker til fristbrot og gi råd og rettleiing til kommunar som bryt fristar. Dersom dette ikkje fører fram kan fylkesmannen gi kommunen mulkt.

Fylkesmannen gjennomførte tilsynsmøte med kommunen den 17.04.2015 der situasjonen vart drøfta og det vart gitt råd og rettleiing. Rapport vert vedlagt.

Fylkesmannen vil etter dette be om at Sula utformar ein plan for korleis kommunen på kort sikt kan kome ajour med sakene. Frist: 26. juni 2015.

Ut i frå at kommunen over lengre tid har hatt særlege utfordringar innan barnevernområdet ber Fylkesmannen vidare om at kommunen gjennomfører ei grundig analyse og på denne bakgrunn klargjer kva som må til for at kommunen utfører barneverntenester i samsvar med lovkrav. Frist: 15. november 2015.

Med helsing

Lodve Solholm

Eli Karin Walle

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



### **3. Omtale av verksemda – organisering og struktur**

Barneverntenesta i Sula hadde ved siste årsskifte 6,7 fagstillingar.

Barneverntenesta er frå 01.01.2015 organisert i eining for barn og unge saman med helsestasjon og PPT. Fagleiar for barnevern er utpekt som leiar av barneverntenesta jf bvl § 2-1, 4. ledd, medan einingsleiar har tatt over personal- og budsjettansvar som tidlegare låg til barnevernleiarstillinga.

Barnevernleiar rapporterer jamnleg til einingsleiar. Einingsleiar prioriterer ressursar og moglege endringar innanfor budsjettet i eininga og legg fram rapport om situasjonen i barneverntenesta for kommunestyret kvart halvår. Målet med den nye eininga er at brukarane skal ha «ei dør inn» til tenestene og at dei skal utvikle auka kompetanse i fellesskap. Kommunen satsar på tidleg innsats for barn og familiar som treng hjelp gjennom prosjekt SAMBA.

Kommunen manglar eit fullnøyande kvalitetssystem/ internkontroll for barnevernverksemda.

### **4. Situasjonen i barneverntenesta**

#### 4.1 Kommunen sine rapporteringar til BLD og SSB:

Kommunane rapporterer til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) kvart halvår om situasjonen i barneverntenesta. Kommunen har høgre barnetal og svært mange barn med undersøking/ tiltak i barnevernet pr. tilsett samanlika med gjennomsnittet i landet. Kommunen har rapportert om fristbrot i undersøkingssaker sidan 2007. Etter at kommunen oppretta ei ny stilling i 2010 og 2 stillingar vart tilført gjennom den nasjonale styrkinga, vart situasjonen vesentleg betre. Men frå 2014 auka igjen talet på fristbrot; sjå vedlagte tabell.

Talet på bekymringsmeldingar til barnevernet auka sterkt i 2014. Sula fekk meldingar om 6 av 100 barn medan gjennomsnittet for landet var 4 av 100 barn.

Barneverntenesta er styrka med til saman 3 stillingar frå 2010. Likevel har kvar tilsett i Sula kommunane nesten dobbelt så mange saker å jobbe med enn gjennomsnittleg for landet; sjå vedlagte tabell.

Ved siste årsskifte hadde 49 barn hjelpetiltak og 22 barn var under omsorg.

#### 4.2 Arbeidsmåtar:

Barneverntenesta arbeider etter ein spcsialiseringsmodell, med eit undersøkingsteam på 2,75 stillingar, eit omsorgsteam med 2,75 stillingar, ei tiltaksstilling samt leiar. Tiltaksstillinga har i stor grad blitt brukt til arbeid med undersøkingar. Tenesta prioriterer å medverke i generelt forebyggjande arbeid, til dømes i gruppetilbod der deltakarane ikkje treng å vere tilmeldt barnevernet.

#### 4.3 Klargjering av årsaker til fristbrot:

I 2014 gjennomførte barneverntenesta totalt 116 undersøkingar, der det var fristbrot i 43 av dei (37%).

Årsakene til fristbrota vert forklart slik:

- Det var stor auke i talet på meldingar i 2014.
- Det var auke i sjukefråveret i 2014.
- Ein saksbehandlar i undersøkingsteamet slutta i 2014 og ny vart tilsett. Sjukevikarar og ny tilsett i teamet trong opplæring og rettleiing.
- Undersøkingssaker måtte settast «på vent».

Det kom også fram at ein stor del av sakene vart henlagt utan tiltak. Dette kunne ha bakgrunn i at foreldre takka nei til tiltak, og / eller at fleire fekk hjelp i undersøkingstida og kunne avsluttast etter dette. Arbeid med rutiner og prosedyrer for undersøkingssaker er i gang men ikkje fullført.

Barnevernleiar har omdisponert ressursar til undersøkingarbeid ved å bruke tiltaksstillinga og redusere ressursane i omsorgsteamet noko utan at dette har vore tilstrekkeleg til å hindre nye fristbrot. Nøkkeltala pr. april 2015 viser at undersøkingar som er i gang og fleire av dei undersøkingane som er avslutta i 2015 har tatt for lang tid.

#### 4.4 Plan for å hindre fristbrot:

Deltakarane på møtet var opptekne av at Sula kommune skil seg ut på ein del område. Dei ser behov for å finne meir ut av årsakene til dette. Kommunen ser først og fremst at det er behov for ein plan for å løyse den aktuelle situasjonen no. Det var semje om at det må takast grep for at barn det er meldt bekymring for, får avklart omsorgssituasjonen sin innan lovleg tidsramme.

## **5. Fylkesmannens oppsummering og konklusjon:**

### 5.1 Generelt

Barnevernet er eit fagområde som krev høg kompetanse, kontinuitet og evne til å fatte beslutningar i saker som er avgjerande viktige for dei som er involverte. Dersom barn ikkje får den hjelpa dei har behov for, kan dette medføre store konsekvensar for resten av livsløpet. Dei fleste barnevernsaker krev omfattande oppfølging frå barnevernet. Manglande hjelp til rett tid kan føre til meirkostnader for kommunen på eit seinare tidspunkt. Intensjonen bak reglane om fristar er at barn som treng hjelp frå barnevernet, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, jf bvl § 1-1.

### 5.2 Vurdering og konklusjon

Sula kommune braut barnevernlova sine reglar om fristar i 37 % av ferdige undersøkingssaker i 2014. Ved tilsynsbesøket vart det klargjort at Sula kommune så langt i 2015 heller ikkje oppfyller krava i barnevernlova som gjeld desse fristane. Det er særst alvorleg at barn det er meldt bekymring for, ikkje får undersøkt omsorgssituasjonen sin snarast muleg og innan dei fristane som barnevernlova set.

I samband med den statlege styrkinga av det kommunale barnevernet har tenesta fått 2 nye stillingar. Kommunen styrka sjølv tenesta med ei stilling i 2010 og tenesta har med det 6,75 fagstillingar. Sjølv med denne styrkinga er arbeidsmengda i barneverntenesta langt høgare enn det som er vanleg, sett i høve til kor mange saker kvar tilsett har ansvaret for, og sett i høve til barnetalet i kommunen.

Det kom fram at kommunen siste året har hatt utfordringar med sjukefråver og utskifting av medarbeidarar i gruppa som arbeider med undersøkingar. Det er gjort endringar i organisasjonen der eit av siktemåla er å frigi meir tid til fagleg leiing for barnevernleiar. Det er viktig at mest mogleg av ressursane sett av til barnevernet går til fagleg arbeid. Samtidig er

det avgjerande at dei tilsette i tenesta er med og utformar, og på den måten får eigarskap til, dei tiltaka som må settast inn for å endre situasjonen i tenesta.

Fylkesmannen legg til grunn at kommunen snarast utarbeider ein plan for korleis kommunen på kort sikt skal kunne redusere talet på fristbrot. Det er mogeleg å søke Fylkesmannen om midlar til dette.


Ut i frå at Sula kommune over ein lang periode har hatt særlege utfordringar innan barnevernområdet ber fylkesmannen om at kommunen analyserer og vurderer kvifor barneverntenesta i Sula framstår som særleg sårbar, og kva som må til for at kommunen utfører barneverntenester i samsvar med lovkrav.

Molde 15. mai 2015

Liv Aasen  
Seniorrådgivar


Eli Karin Walle  
Seniorrådgivar

# Sula kommune, barnevern - fristbrot 2010 - 2014




## Sula kommune - barneverntenesta

Barn med meldingar ift antall barneinnbyggjarar i %



• Barn med undersøkelse eller tiltak pr årsverk



**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sula kommune

Dato: 08.10.2015

**SAK 15/15  
BREV FRÅ PER OLA MÅSEIDE M. FLEIRE**

Som vedlegg følger:

- Brev datert 19. april med vedlegg.

Brevet rettar fleire spørsmål til kontrollutvalet. Hovudoppgåva for kontrollutvalet er å føre tilsyn med kommuneadministrasjonen (rådmannen) på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet treng ikkje ta i mot oppdrag frå andre. Men kontrollutvalet kan likevel av eige tiltak ta opp alle type saker so lenge saka gjeld tilsyn og kontroll. Eit kontrollutval vil til tider kunne ta opp saker som blir meldt inn frå innbyggjarar for å vurdere om saksbehandlinga er tilfredsstillande og i samsvar med lover, forskrifter, interne reglar og god forvaltningskikk.

Kontrollutvalet skal vere siste instans og skal ikkje behandle ei sak før ho er avslutta og all klageadgang er nytta. Kontrollutvalet skal heller ikkje ta på seg saker som ligg til statlege instansar som domstolar, fylkesmann eller andre å treffe avgjerd i.

I brevet er det fleire tema kontrollutvalet i prinsippet kan behandle. Eg nemner påstandar om byggestart før byggeløyve er gitt og problemstillinga relatert til den raske behandlinga av byggeløyva.

Det går fram av dokumenta i saka at deler av sakskomplekset er meint å bli behandla i Jordskifteretten. Andre tema har blitt oversendt til fylkesmannen og det er engasjert eigen advokat. Det kan då bli krevjande å finne eit handlingsrom som ikkje blir/har blitt handtert av dei tre andre aktørane og mange av problemstillingane synest å vere av skjønnsmessig karakter.

Tilråding til vedtak blir lagt fram i møtet.

Harald Rogne  
dagleg leiar



Eidsnes 19. april 2015

Sula Kommune  
v/ Kontrollutvalet  
6030 Langevåg

### Vedrørende saksbehandling og prosessen rundt våre

#### **"INNSIGELSER / MERKNADER til «Søknad om oppgradering av grusbane i Sundsmyra»."**

17. april 2013 – informasjonsskriv i postkassene om oppstart utbygging i Sundsmyra 2. mai

24. april 2013 – orienteringsmøte fra teknisk avdeling om hva som skjer.

21. mai 2013 byggesøknad om oppgradering av eksisterende grusbane i Sundsmyra - fra MSIL til berørte naboer.

23. mai 2013 presiserer Sula kommune at "*Søknad om oppgradering av grusbane i Sundsmyra*", er å betrakte som nabovarsel."

16. juni 2013 leverte vi våre innsigelser/merknader til MSIL sitt nabovarsel / byggesøknad.  
(**Vedlegg 1:** Innsigelser / merknader)

18. juni 2013 mottok kommunen byggesøknad fra MSIL inkl. våre innsigelser / merknader.

19. juni 2013 har ordføreren signert følgende sak "069/13 Gnr 63 bnr 70 - Sundsmyra - Søknad om opparbeiding av parkeringsplass, skifte av flomlysanlegg, samt utskifting av banedekke frå grus til kunstgras." - til Planutvalets møte 25. juni.

19. juni 2013: For ordens skyld bestemte vi oss for å sende en kopi av våre innsigelser / merknader direkte til kommunen i e-post. Vi ante ikke på det tidspunkt at saken allerede var ferdigbehandlet.

25. juni 2013 ble P-sak 069/13 behandlet i Planutvalet.

Ut i fra innholdet tilhørende tidslinjen over, vil vi først og fremst konsentrere oss om tre hovedpunkt gjennom denne henvendelsen:

- inngått veiavtale med Sula kommune vedr. Veg 4 - av 1987
- hurtig saksbehandling mellom den 18. og 19. juni 2013
- samfunnsutvikling, hvor tillit til det kommunale system i Sula er satt på prøve

Kopi fra hjemmesiden til Sula kommune – Kontrollutvalet:

"Kontrollutvalet skal gjennom arbeidet sitt auke den ålmenne tilliten til at kommunale oppgaver blir gjennomførte på ein måte som gir tryggleik for ei open, hjelpsam og likeverdig behandling og at borgarane får god rettstryggleik.

Kontrollutvalet skal arbeide for

- auka kvalitet, effektivitet, produktivitet og tryggleik i dei interne rutinane

- optimal utnytting av kommunale midlar i høve til oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat
- ei forvaltning som er i samsvar med gjeldande lover og anna regelverk "

Tilliten til den kommunale forvaltningen har for oss blitt svekket på flere plan. Vi ser at Kontrollutvalet har en rolle i forhold til å ta i mot påstander / spørsmål og vurdere om det er hold i de, og i tilfelle peke på forbedringer til det kommunale system.

Vi vil med dette oversende noen punkter omkring vår sak til Kontrollutvalet. Spørsmålene / betenkningene omhandler prosessen rundt våre innsigelser/merknader til byggeprosjektet, men også den totale prosessen inklusive den politiske da det hele handler om tillit til de som forvalter kommunens makt.

Vår kunnskap innen prosesser i det kommunale system er ikke av profesjonell art, og derfor kan kanskje noen spørsmål være utenfor utvalgets rolle å ta stilling til. Vi ber allikevel om at alle våre spørsmål blir behandlet innen den intensjonen denne henvendelsen er ment som – usikkerhet, tillitssvikt og ønske om forbedringer i den kommunale saksbehandlingen.

Vi samlet oss til nabomøte i mai 2013 for å diskutere situasjonen som hadde oppstått. Ordføreren møtte som nabo, hvor han på ingen måte ga noe rom for tvil i at dette byggeprosjektet ville han ha gjennomført. Ikke unaturlig det, da han var med i prosjektgruppa for utbyggingen fra tidlig av, selv om han senere trakk seg ut.

Det er den klare holdningen Vegsund la for dagen som gjør oss usikre på om at han klarte å skille sitt private engasjement for utbyggingen med sin rolle som Ordfører for oss alle. Vi vil i det videre prøve å underbygge hvorfor vi mener vi er usikre på det.

#### **Vår sak:**

17. april 2013 fikk vi et informasjonsark i postkassene våre - omkring utbygging av Sundsmyra til fotballanlegg.

23. april fikk vi teknisk etat til å kalle inn til et møte. Dagen etter klokken 16 møtte vi på Rådhuset for å bli orientert om hva som var i emning. Havnegjerde beroliget oss i møtet - når byggesøknaden kom, den hadde de ikke mottatt, ville vi få anledning til å kommentere den. Hvor vi deretter skulle få vurdert/besvart våre innsigelser i forbindelse med saksbehandlingen. Slik ble det ikke.

Vi fikk etter hvert byggesøknaden / nabovarselet til gjennomsyn, og sendte våre kommentarer til idrettslaget den 16. juni. Etter vår erfaring kom byggesøknaden til kommunen 18. juni. Etter dette tidspunkt hørte vi ikke noe fra teknisk saksbehandler.

Nå gikk tingene unna i rasende fart.

Torsdag 20.juni lå sakslisten ute på nettet til Planutvalgets møte 25. juni.

Vi fikk aldri våre innsigelser kommentert/besvart av kommunens saksbehandler forut for saken ble lagt frem for Planutvalget.

I september 2013 fikk vi et møte med ordfører og teknisk sjef. Vi ble lovd nær kontakt med kommunen i det videre. Det ble med lovnaden.

Vi har kjent hvordan det er og ikke komme i reell dialog med kommunen angående våre bekymringer innen denne saken. Det er ugreit.

Et resultat av deres manglende vilje til dialog rundt veiavtalen er at vi nå må bruke Jordskifteretten for en gjennomgang. Det burde absolutt ikke vært nødvendig!

Vi har vurdert frem og tilbake om vi skulle bruke energi på å formulere dette skrivet, og besluttet å gjøre det for å peke på en samfunnsutvikling vi ikke ønsker, hvor vi som menigmann ikke får våre

synspunkt tatt opp til forsvarlig vurdering av kommunens administrasjon.

Vi hadde flere vesentlige innsigelser som glatt ble neglisjert eller bagatellisert, eksempelvis omkring våres bekymring om fremtidig trafikk tetthet langs veg 4.

Rådmannens sterke interesse for tilrettelegging for fotball, gjennom sitt lederverv i Sunnmøre fotballkrets, og ordførerens personlige engasjement i prosjektgruppen for utbyggingen, har etter vårt syn vært med å prege kommunens saksbehandling.

Vårt anliggende er også å peke på selve prosessen denne saken har vært gjennom. Vi mener flere punkter er kritikkverdige, da dette ikke handler om en enkel endring fra grus til kunstgress – og uttalelser om at det kun er tilbake til tidligere tiders aktivitets-nivå. Dette er en ny dimensjon det her er lagt til rette for. En politisk villet situasjon, men allikevel en urovekkende styrt prosess som vi ser det.

Om Kontrollutvalet er enig med våre, eller noen av våre synspunkter, håper vi at prosesser kan forbedres på vesentlige punkter i fremtidige saker.

Når Sula kommunestyre overførte 63/70 til MSIL i 45 år, uten noen begrensninger, ble det samtidig gitt muligheter til videre utbygging.

Gnr. 63 Bnr. 70 er på 30449,2 kvadratmeter i flg. målebrev ved overdragelse.

Behov for utvidet kapasitet til toalett dukker opp. Neste kan bli nytt klubbhus med garderober og tilhørende lokaler for inntektsbringende aktiviteter. Andre typer inntektsbringende aktiviteter blir det også behov for, etter vår erfaring allerede inngått avtale om utleie til ikke-fotball aktivitet kommende mai – det betyr utleie til fjerde part i forhold til inngått veiavtale med Sula kommune. Dette generer "ny type" trafikk på veg4.

Solevåg IL var et idrettslag i hovedsak for yngre årsklasser. Det sies at 80% av dagens deltagerne i yngres gruppe tilhører Solevåg krets. Om det legges opp til deling av idrettslagene er en uvisse for oss, men skulle noe slikt skje vil den totale trafikkbelastningen bli meget stor på veg 4. Det er også med det meget bekymringsfullt at våre innsigelser til byggesøknaden vedrørende trafikk er feid bort som synsing. Inngått avtale om bruksrett på veg 4 og trafikkbegrensende tiltak er oversett, noe som er ekstra bekymringsfullt.

Vi er flere naboer med hus tett inntil veg4, og noen nære naboer til friområdet som undertegnet innsigelser til MSIL sitt nabovarsel vedr. Sundsmyra. Det er viktig for oss å understreke atter en gang - våre innsigelser er ikke tuftet på motarbeidelse av MSIL sitt arbeid innen idrett. Vi har arbeidet for å bli hørt omkring- våre bekymringer i forhold til bla. trafikksituasjonen gjennom byggefeltet (Veg4), veiavtalen, tidligere kommunestyrevedtak rundt Sundsmyra, og nærhets- og støyproblematikken for de aller nærmeste naboene til myra.

#### **Et tilbakeblikk:**

I begynnelsen av syttiåra ønsket grunneiere å skille ut tomter i Sundsmyra. Ålesund kommune ga avslag, og besluttet etter hvert å legge området ut til friluftsområde.

Det nærmeste huset til friluftsområdet, og nå nybygd fotballanlegg, ble bygd på midten av syttitallet. Dette var før Solevåg IL ble stiftet og deres organiserte aktiviteter startet opp. Området var da en enkel grusplass brukt til blant annet til feiring av St. Hans.

På slutten av syttitallet ble de første husene langs dagens veg4 bygd. Tilkomsten til byggefeltet var en gammel moldveg. Moldvegen ble av de første oppsitterne oppgradert til kjørevei. Etter hvert som husene ble bygd ble kjøreveien forlenget. Når øverste huset ble bygd, ble veien slutført dit. Fortsatt stod det igjen en bit ubygd vei til myra.

Først på slutten av 80-tallet ble siste veg-biten, parkeringsplass og bom ferdigstilt. Det ble gjort i

sammenheng med veiavtalen av 1987.

Solevåg IL sin bruk av tilkomst har bare tidvis medført trafikkproblem for eksempel ved enkeltarrangement i myra. SIL var et lite idrettslag for de aller yngste, og derfor genererte SIL sine aktiviteter ingen problematisk mengde trafikk langs veg 4. Det kan derfor ikke argumenteres for at trafikken bare skal tilbake på sitt opprinnelige nivå. Det er ikke et gyldig argument.

Veiavtalen med Sula kommune er sentral i denne saken. Den ble inngått med utgangspunkt i den klare holdning om at Sundsmyra var og skulle være et friluftsområde, og ikke utbygges til idrettsanlegg.

Ikke-utbygging var allerede nedfelt i K-sak 21/82 (**Vedlegg 2**) og bekreftet i K-sak 62/84 (**Vedlegg 3**), og var bakteppe i forbindelse med veiavtalens inngåelse. Med dette bakgrunnsbildet ble veiavtalen med Sula kommune undertegnet, og har fungert tilfredsstillende siden 1987, frem til anleggsstarten i 2014. Fråsegn og veiavtale gir kommunen bruksrett på veg 4 på vilkår – vilkår som vi mener Sula kommune nå har brutt.

---

Den kommunale prosessen i denne saken, hvor vi er part i en vei-avtale med kommunen, har ikke vært gjennomført på en god måte. Eksempelvis – når ordføreren i etterkant av et møte på kommunehuset i mars 2013 orienterer et medlem i prosjektgruppa at veien er privat, men utad sier den er kommunal. Dette er dobbeltkommunikasjon. Slik kan vi ikke ha det!

For utfyllende bakgrunnskunnskap velger vi å ta inn noen vedlegg, blant annet våre innsigelser av 16. juni 2013. Avsnittet omkring trafikksituasjonen ber vi dere se nøye på. Det er meget urovekkende at våre bekymringer rundt trafikk ikke var interessant for administrasjonen å diskutere i lys av den inngåtte veiavtalen med kommunen.

Tvert om står det i sakspapirene til P-sak 69/13 at vi bedriver "synsing" omkring trafikken. Det kan ikke oppleves annet enn at kommunen distanserer seg fra våre bekymringer omkring trafikksituasjonen langs Veg4. Spill med liv – spør vi.

Denne saken inneholder så pass mange punkter at vi ser at den fort kan bli uoversiktlig for de fleste. Vi forbeholder oss allikevel retten til senere å komme med flere punkter enn dette dokumentet omhandler, om det skulle vise seg formålstjenlig.

## **Spørsmål til Kontrollutvalet:**

### **A: Saksbehandling:**

#### **A1: Veiavtalen av 1987.**

Veiavtalen vi har inngått med Sula kommune er fremforhandlet over tid (**Vedlegg 4: K-sak 10/87**) med Sula kommune sin administrasjon i 86-87. Den var gjennom flere runder i kommunestyret før den ble vedtatt.

Veiavtalen og fråsegn gir Sula kommune bruksrett på veg 4, hvor veiavtalen har viktige punkter med trafikkbegrensende hensikt.

Ordfører, Rådmann og saksbehandler var tidlig kjent med at det forelå en slik avtale. Allikevel hadde ikke saksfremlegget fra administrasjonen i P-sak 069/13 noen klare føringer i forhold til

avtalen. Tvert om neglisjeres avtalen gjennom forslagene om godkjenning av 31 parkeringsplasser på nordsiden av banen.

Det betyr 31 nye parkeringsplasser på innsiden av vegbommen. Bommen skal etter avtalen kun åpnes i forbindelse bestemte gjøremål - i all hovedsak være stengt.

Det er meget uheldig om vi ikke får belyst hvorfor en inngått veiavtale med Sula kommune ikke er tatt hensyn til i de ulike saksfremleggene som utbyggingen av anlegget i Sundsmyra har vært gjennom. Vi kan ikke la vår opplevelse av at saksfremleggene er en samkjøring mellom sterke krefter i kommunen bli stående – vi må få anledning til å prøve påstandene våre gjennom det profesjonelle Kontrollutvalet.

I 1987 (Ref. Vedlegg 4: K-sak 10/87) inngikk grunneierne avtale (**Vedlegg 5: Veiavtale**) med Sula kommune hvor trafikkbegrensende tiltak var det vesentlige. 15 parkeringsplasser og vegbom inn mot baneområdet ble blant annet avtalt for å oppnå målet.

Vår inngåelse av veiavtalen må også ses i sammenheng med kommunestyrevedtakene i 82 og 84, som tydelig markerte at ingen fremtidig utbygging til idrettsformål i Sundsmyra.

Vesentlige punkter fra veiavtalen er utelatt fra saksfremlegget i P-sak 69/13, når det der står følgende (utdrag):

- "Rådmannens innstilling:" "....samt opparbeiding av 31 biloppstillingsplasser godkjent."

- "P-069/13 Vedtak:" "...opparbeiding av 31 biloppstillingsplassar godkjent."

- "Bakgrunn for saka:" "...av ca. 31 gruslagde biloppstillingsplassar på nordsida av banen;"

- "Merknader fra nabo." "Merknadane går i hovudsak ut på bruken av området..." "Men det er også sagt noko om parkering; drenering;...."

- "Byggesaksavdelinga sin kommentar til merknadane."

"...at det er inngått ein avtale mellom kommunen og grunneigarar langs Leirvågdaalen; og at Leirvågdaalen er ein kommunal veg med dei forpliktelsar det fører med seg for kommunen; er dei trafikale tilhøva ei utfordring. Tiltakshavar sitt ansvar vil være å halde seg innfor akseltrykkbegrensningane."

"Dei ekstra parkeringsplassane.....skal stort sett etablerast på eksisterande grusdekke nord for bana."

Kommunen inngikk en veiavtale med grunneierne langs veg 4. Hva skulle kommunen med en veiavtale hvis veien er kommunal i ordets rette betydning? Det betyr at her er noen særegenheter.

The image is a screenshot of a website, likely the Norwegian Olympic Committee's site, showing a navigation menu and a main content area. The navigation menu includes links for Home, Håndball, Allidrett, Barneidrett (highlighted), Sundsbu, Allheim, Fotball, Idrett for alle, and Hend. The main content area has a dark header with the title 'Om barneidrett'. Below this, there is a sub-header 'Barneidrett er idrettsaktiviteter for barn til og med det året de fyller 12 år.' followed by a paragraph of text. The text discusses the importance of sports for children and young people, mentioning that over 500,000 children in Norway participate in sports. It also mentions that Norway is the only country in the world that regulates children's sports through 'Idrettens barnerettigheter' and 'Bestemmelser om barneidrett'. The text further explains that children's sports should be based on the values of sports and children's rights, providing a diverse and varied activity offer for all. It is important that children's sports are open and inclusive, giving all children the experience of mastery, security, and lasting joy. The page lists 'Hovedmål:' (Main goal) and 'Delmål:' (Sub-goal) with several bullet points.

Home Håndball Allidrett **Barneidrett** Sundsbu Allheim Fotball Idrett for alle Hend

## Om barneidrett

**Barneidrett er idrettsaktiviteter for barn til og med det året de fyller 12 år.**

Barn som driver med idrett gjør det fordi det er moro, og det er i barne- og ungdomsårene grunnlaget for gode aktivitetsvaner dannes. I Norge er over 500.000 barn med på idrettsaktiviteter i regi av norsk idrett. Norge har som det eneste landet i verden regulert barneidretten gjennom "Idrettens barnerettigheter" og "Bestemmelser om barneidrett".

Barneidretten skal skje gjennom idrettens verdier der idrettens barnerettigheter danner grunnlaget for et allsidig og variert aktivitetstilbud for alle. Det er derfor viktig at barneidretten er åpen og inkluderende, og gir alle barn opplevelse av mestring, trygghet og varig idrettsglede.

**Hovedmål:**

Å skape et godt og variert aktivitetstilbud hvor barn til og med 12 år får utvikle seg både fysisk, psykisk og sosialt, hvor de får mulighet til å prøve seg i flere idretter og i flere ulike miljøer, og hvor trygghet og mestringsopplevelser sammen med andre står i fokus.

**Delmål:**

- Å stimulere til samarbeid på tvers av gruppene i idrettslaget eller med andre idrettslag i lokalmiljøet.
- Å bidra til et samordnet og koordinert idrettstilbud i lokalmiljøet.
- Å gi barna et godt grunnlag for videre valg av idrett.
- Å få prøve ut forskjellige idretter, som igjen kan forhindre frafall i tidlig alder.
- Å forebygge skader gjennom varierte treningsaktiviteter.
- Å legge til rette for sosiale tiltak for hele familien, utenom selve idrettsaktiviteten, for eksempel aktivitetsdager, turer, kino- og teaterbesøk og lignende.



# Frykter Ikea ko

• Planer om både fotball- og ishall på Ikea-t

## IKEA TIL MOA

Det er smekktfullt på treningsfeltet til SK Herd. De frykter Ikea tar tomte hvor de vil bygge ny hall.

Tomta Ikea har blinka seg ut på Moa ligger like ved Moa svømmehall og treningsfeltet til Sportsklubben Herd.

Begge har hatt planer om utvidelse, det er også planer om bygging av ishall på denne tomte. Nå frykter ledelsen i Herd at idretten nedprioriteres når den svenske møbelgiganten vil etablere seg.

Det forteller Reidar Nilsen som leder fotballgruppa i idrettslaget.

– Vi har et stort behov for å utvide, og har fått indikasjoner fra kommunen at det bør være mulig å få dette til på nettopp denne tomte, sier han.


**Må si nei.** Sportsklubben har i dag 62 lag som deltar i forskjellige konkurranser. For bare fem år siden var tallet 40.

Og alt tyder på at økningen vil fortsette da de opplever stor pågang, lite frafall og innflytting til bydelen.

Vi ligger langt under Fotballforbundets retningslinjer til treningsareal, sier Nilsen.

Foreløpig har ikke sportsklubben måttet si nei til nye spillere på grunn av manglende areal, men håndball har de måttet kutte ut.

– Hallsituasjonen når det giel-



NY VEG: Her er Vegvesenets illustrasjon av ny Lerstadveg som kolliderer med dagens rundkjøring nord for Moa. Oppå tunnelen planlegges det en rundkjøring og atkomst til framtidig Ikea. ILLUSTRASJON: STATENS VEGvesen

## FAKTA


- Ikea ønsker å etablere seg på ei 38 mål stor tomte nord på Moa.
- Denne tomte er regulert til næring, men også til blant annet idrett.
- Ålesund kommunale eiendom og bystyret skal ta stilling til Ikeas tilbud om å kjøpe tomte. De må vurdere tilbudet opp mot andre hensyn.
- Eiendomsselskapet skal behandle saken i juni.

## Får endelig Ikea til Ålesund



FAKSIMILE: Sunnmørsposten går.

Vedlegg 3:



Vedlegg 5: Veiaavtale

21  
125

## A V T A L E

Mellom grunneigarar langs veg 4 på reguleringsplanen Sunde -  
Leirvåg og Sula kommune er det inngått følgjande avtale:

1. Veg 4 skal overtakast til kommunalt vedlikehald og opprustast av kommunen og reknast som kommunal veg.
2. Vegen skal ikkje utvidast no, men endra tilhøve i framtida kan nødvendiggjere ei utviding i samsvar med reguleringsplanen seinare.
3. Vegen kan nyttast som tilkomstveg til Sundsmyra.
4. Grunneigarane er innforstått med at avkøyrslene til bustadene blir brukte til forbikøyring.
5. Det skal settast opp stengsel som hindrar gjennomkøyring med veg 5. Bommen må kunne opnast for nødvendig transport av varer og utstyr til baneområdet.
6. Kommunen skal bygge 15 parkeringsplassar ved enden av den regulerte veg 4.
7. Kommunen får rett til å legge grøft med overvassleidning på oppsida av vegen.

SAK F-41/87(A)

VEDLEGG 6 SIDE 4

Sula kommune,

-----  
Ivar H. Molvær  
ordfører-----  
eigar av gnr.      bnr.

1/4-87

310,-

Vedlegg 6: Fråsegn bruksrett

DAGBOK NR. DAGBOKFISK  
05701 22.07.87  
ÅLESUND  
SOPENSKRIVEREMENTE

B10787IM.561

FRÅSEGN

Som eigar av eigedomen gnr. 63 bnr. 89 i Sula kommune gjev eg med dette Sula kommune bruksrett til vegen over min eigedom på slike vilkår:

- bruksretten er avgrensa til å gjelde vegføremål
- bruksretten er evigvarande og vert gitt utan vederlag
- vegen vert å rekne som kommunal veg etter veglova, dvs. kommunen er vegstyremakt for vegen
- skadar som måtte oppstå i samband med vedlikehaldet, innafor det området kommunen har bruksrett til, er kommunen uvedkomande.

Bruksretten er avgrensa til inntil 2 m på kvar side av vegen, men minimum 7 m i total breidd.

Rett kopi bekreftes Gyldning



Sula kommune, 22.07.87

Eigar av gnr. 63 bnr. 89

*Jean H. Madsen*  
ordførar

Nederste del er dekt til pga personopplysninger



Vedlegg 2. K-sak 21/82

F-sak 45/81

-2-

SULA KOMMUNE, KONGS LANGEVÅG

02.02.82

SULA KOMMUNE  
SENTELRADMINISTRASJONEN  
5330 LANGEVÅG  
Telefon (071) 48800

Til Formannskapet

K-sak 21/82  
F-sak 45/82 (A)

SAK F-164/84  
VEDLEGG 1 SIDE 1

ST/RK nrk. 1928

VEDEK. UTNYTTING AV OMRADET "SUNDSMYRA"

Sjå viser til desse vedlegga:

1. Redfereografert kartskisse som viser den arealutnyttingsplanen som ligg føre (originalet vert lagt fram i mstak). Kostnadsoverslag/presentasjon.
2. Brev av 12.06.81 frå kulturstyret vedk. Kulturstyresak 56/81, vedl. Kulturstyresak 45/81.
3. Brev av 29.06.81 frå tekn.sjef vedk. TU-sak 39/81.
4. Sak 3/81 og 35/81 frå fritiluftsenemda.
5. Brev frå private m.v. i høve saka.

1. Bakgrunn.

Denne saka har røter attende til tida før 01.01.1977, og har seinare vore drøfta/førhandl i ulike organ innanfor Sula kommune. Det denne saka legg opp til å avklare er:

- ramma for arealbruk
- finansiering av utbygging/anlegg
- ansvar for framdrift og retningslinjer for bruk.

Det området som går under namnet "Sundsmyra" er i kommunal eige, og ligg innanfor område regulert til park/fritiluftstovemål.

Sula kommunestyre gjorde 2. november 1978 eit samrøystes vedtak som m.a. stadfesta prinsipp for arealbruk og retningslinjer elles:

"1. Sula kommunestyre syner til brev datert 15.08.1978 til kommunen frå Solevåg Vei og Solevåg Idrettslag med skisse til utnytting av det kommunale fritidsområdet i "Sundsmyra" på Sunde.

Kommunestyret finn at denne utnyttingsplanen er eit godt utgangspunkt for den vidare planlegginga av området. Kommunestyret vil ta utleiing stilling til ein utnyttingsplan etter at kommunale og eventuelle fylkeskommunale og statlege organ har vurdert planen og kome med si forråding.

Kommunestyret ber teknisk etat om å ta seg av samordninga av den vidare planlegginga.

2. Utgangspunkt for den vidare planlegginga må vere at området skal verte til fritid og rekreasjonsområde for folket på Sula.

Innanfor denne ramme er kommunestyret innstilt på å la utvanningssjvar og lag i kommunen få høve til å disponere delar av området til spesielle aktivitetar til fastsette tider.

3. Kommunestyret er samd i at gjennomføring av dreneringsarbeid og planering av felt 1 (stemmeplass, ballplass, turn, fritidstelt og andre aktivitetar) på skissa frå Solevåg Vei og Solevåg Idrettslag kan skje utan at ein med det bind den vidare planlegginga av området.

Ut frå dette løyvr kommunestyret inntil kr 30.000 for 1978 av midlar på underpost 1.660.400 Nyanlegg/ombbygging parkar til kjøp av drenesør og utføring av maskinarbeid på felt 1.

Rekallingar attesterte av formannene i Solevåg Vei og Solevåg Idrettslag vert å nemnde til kommunen v/kontorsjefen for tilvisning og utbetaling.

Kommunestyret går då ut frå at resten av arbeidet vert organisert og gjort på dømande av bygdefolket slik brevet frå Solevåg Vei og Solevåg Idrettslag legg opp til.

Teknisk etat i kommunen skal godkjenne planane for arbeidet og ha tillopp med ar arbeidet vert utført i samsvar med desse. Kjøp av rø skal skje gjennom kommunen dersom dette vert billigaste løysinga.

Når det gjeld den skissa som er nemnd i pkt. 1 i vedtaket over, kjem og ikkje narsare inn på denne her, men viser til framlegg til arealutnyttingsplan i vedl. 1.

I tillegg til dei 30.000 kr som vart løyvde i 1978, vart det i 1978/80 løyvd 35.000 kroner. På prioritetslista for grøntanlegg og friområde 1981 vart "Sundsmyra" sett opp som reserveanlegg nr. 2.

I 1977 vart det løyvd kr 9.504,- i høve utgifter til planering i området.

Det er pr. 31.12.81 såleis løyvd slike midlar i høve utlegginga i "Sundsmyra":

	Løyvd
1977	kr 9.504
1978	" 30.000
1979	" 35.000
1980	"
1981	" 0

I kommunestyret 26.02.81 vart Sundsmyra sett opp som reserveanlegg (utan løyving) på prioritetslista for grøntanlegg og friområde. Samstundes vart følgjande framlegg vedtatt oversendt formannskapet:

"Så snart utbyggingsplanane for Sundsmyra er godkjende av kommunestyret, ber ein om at formannskapet tek opp spørsmålet om overføring av kr 20.000 frå budsjettpost 1.899.290 Reserver tilleggsutvikling og nye løyvingar for vidare arbeid i Sundsmyra."

Eg legg med dette saka fram for formannskapet og kommestyret med slik

INNSTILLING:

Sula kommestyre viser til dokumenta i saka og vedtar: "Sundmyra" med dei merknadene som går fram av saksframstillinga.

1. Kommestyret vedtar at tekn. etat v/ anleggssavdelinga skal ha ansvar for og styring med utbygging etter planen, eventuelt i samarbeid med Solevåg IL/Solevåg Vel.

2. "Sundmyra" skal vere eit kommunalt fylluftsområde med fritt tilgjenglig for alle. Kulturstyret fordelar brukstid for treningsfelt, og skal elles vere politisk styreorgan for området.

3. Finansiering av ei slegvis utbygging skal skje ved at kultur- styret og fritidsnemnda syter for å søkje tilskot gjennom sine respektive kanalar. Kulturstyret skal syte for nødvendig samordning av kostnadsoverslag og finansieringsplanar. Midlar som kommunen finn å kunne avsetje til føremålet, vert løyde i samband med vedtak om prioritetstilata for parkar og utvandringskvart år, på grunnlag av kostnadsoverslag for utbygging og finansieringsplan som nemnt ovanfor.

Tempot i framdrifta vil vere avhengig av finansiering, og av i kva grad organisert dugnad kan utførast.

SAK 45/87 1 side 2

Reinhold Grønmo rådmann  
Ståle Tøndel konsulent

Vedtatt til: Tekn. etat/tekn. etat Fritidsnemnda Kulturstyret Solevåg IL Fylkeskulturkontoret

TILRÅDING I FORMANNSKAPET 9.2.82: 7 vederanda.

Saka vart samrøystes blsett til neste møte. Saksdokumenta vert ikkje sende ut att på nytt.

T høve spørsmål frå Solevåg IL om idrettsbane i Solevåg krins etter kommuneplanutvalet 20.10.81 slikt vedtak:

"Sula kommunestyret viser til dokumenta i saka og sluttar seg til den vurderinga som går fram av saksframstillinga, og uttaler at "Sundmyra" kan verte eit aktuelt alternativt plassere eit idrettsanlegg på.

Eit enkelt vedtak må legges til grunn tilrådning frå kulturstyret sett i høve til langtidspanen for kultursektoren og frå bygningrådet sett i høve til arealdisponeringa i området.

Vurderinga i saksframstillinga som vedtaket viser til, går m.a. ut på at spørsmålet som saka reiser m.a. må sjåast i samband med det vedtaket kommunestyret gjef i høve utnyttingsplan for Sundmyrområdet.

2. Arealbruk i Sundmyra

Eit etser til drifting av arealbruken som går fram av vedlegg 1 og 2 til kartskissa i vedl. 1. Framlegg til arealbruk ligg i tillegg til planar som stoffesta reguleringsplan set. Eg rår til at planen som ligg føre, med ein del merknader, vert godkjent og såleis lagt til grunn ved vidare opparbeiding i området.

Tilkomster bør skje i samarbeid med red. planen, frå beivrag til den påtenkte parkeringsplassen. Det bør i framtida ikkje vere noko til vidare gjennomføring med motorvognar inn i området hos og med Sund. Denne tilkomningsinga er ikkje aktuell førebels, og så lenge må tilkomsten vere som i dag. Elles viser beivragsskissa i vedl. 1 tilf. vedl. 1 at utbygginga må skje slegvis over lang tid. Vidare bør tiltak som m.a. golfbaner vert mindre aktuelle, i alle høve dei første åra.

3. Finansiering av framdrifta. Finansiering.

Ein måte å løyse finansieringa av utbygginga på, vil vere å beuge til kulturstyret å følge opp delfinansiering gjennom sju. Vidare bør fritidsnemnda søkje å oppnå fylkeskomm./statlege tilskot innanfor "sit" område. Nedvendig samordning bør kulturstyret ta seg av. Den reine kommunale finansieringa bør skje gjennom vedtak om prioritetstilata for grantanlegg og i samarbeid, på grunnlag av kostnadsoverslag og finansieringsplan sett opp av kulturstyret, i samarbeid med fritidsnemnda.

Det det gjeld vidare utbygging bør dette skje med tekn. etat v/ anleggssavdelinga som ansvarlig styremakt. Pundad o.l. må såleis skje i samarbeid/etter avtale med tekn. etat.

Etterkvart som arbeidet skrid fram og Sundmyra kan brukast tilig. planen, må det bli vedlikehald og organisering av bruken så langt det gjeld treningsfelt o.l. Tekn. etat v/ parkavdelinga bør har vedlikehald som si oppgave, ev. i samarbeid med Solevåg IL/Solevåg Vel. Når det gjeld bruk av området, må Sundmyra bli sett i høve for alle. Det vert truleg likevel nødvendig å revidere bruken av m.a. treningsfelt. Tildeling/fordeling av brukstid (treningsfelt) bør ligge til kulturstyret.



FJERDING I FORMANNSKAPET 15.2.82:

Der Egil Hærnesjerde møtte Oddvar Mølver. 7. vokranda.

Oddvar Mølver sette fram slikt framlegg til tilråding:

"Kommunestyret viser til dei framlagde dokumenta i saka og planane for Sundsmyra, og vedtek:

1. Området blir overdrage til Solevåg vel/Solevåg IL for opparbeiding i fellesrett, til pris fastsett av kommunaltakstnemnd.
2. Finansiering av overdragelsestommen kan skje ved årlige løyvingar eller kulturbudsjettet - løyvingar til lag og organisasjonar.

1. Det er eit vilkår at laga får konsesjon for området."

Arne Sandvik gjorde framlegg om at saka vert utselt.

Framleggjet frå Sandvik vart vedtatt med seks røyster. Ein røyste mot.

5 budsknemda vert ikkje sende ut all på nytt.

FJERDING I FORMANNSKAPET 21.FEBRUAR 1982:

7. vokranda.

Roger Fliskestrand gjorde stort framlegg:

"1. Ut til at Sundmyrområdet ligg utevaley til andsynes trafikk- og parkeringsforhold, og at området ligg nær bustadområde, kan ikkje Sula kommunestyre vedta utbygging til m.a. idrettsforening slik dei framlagde planane foreser.

2. Kommunestyret vedtar at Sundmyrområdet skal vere eit fritidsområde med fritiliggende for alle. Teknisk stat v/andlegsvadlinga i samarbeid med friluftsnemnda skal ha ansvaret for vidare opparbeiding m.v..

1. Midlar som kommunen finn å kunne avsetje til formålet vert løyvde i samband med vedtak om prioritetslista for parker og greenanlegg kvart år.

4. Kommunestyret ber om at det vert tatt steg for å tilvise Solevåg IL eit høveleg areal for framtidig idrettsanlegg for Solevåg klubb."

Det vart røysta alternativt mellom innstillinga frå rådmannen og framleggjet frå R. Fliskestrand. Framleggjet frå R. Fliskestrand vart tilrådd med 5 mot 1 røyst.

VOTAK I KOMMUNESTYRET 11.11.82:

29 vokranda.

Knut Asbjørn Solevåg sette fram slikt framlegg til veitak:

"1. Kommunestyret vedtar å utsetje handsaminga av den framlagde planen for "Sundsmyra". Før planen på nytt vert handsama i kommunestyret ber kommunestyret om at det vert avklara med stadfestingsstyremaktene kva slag detaljplan som kan lagast i stand i høve den arealutnytting som går fram av den stadfesta reguleringsplanen, sjå pkt. 1, andre ledd i Sula kommunestyre sitt vedtak frå møte 2. november 1978.

2. Med utgangspunkt i vedtak i Sula kommunestyre 2. november 1978 pkt. 3 skilydande:

"Kommunestyret er sams i at fullføring av drenering-arbeid og planering av felt i stønneplass, ballplass, turn, fridrikk og andre aktivitetar) på skissa frå Solevåg vel og Solevåg idrettslag kan skje utan at ein med det hind den vidare planlegginga av området. Difor dette løyver kommunestyret inntil kr 30.000 for 1978 av midlar på underpost 1.660-400 nyanlegg/ombygging av parker til kjøp av drenesrør og utføring av maskin-arbeid på felt 1."

vedtar Sula kommunestyre no at ein ikkje har noko å merke til at felt 1 vert fullført i regi av Solevåg idrettslag og Solevåg vel. betaler omking denne fullføringa får formannskapet løyve til å avgjere i den grad det kjem fram spørsmål som treng kommunalt vedtak. Kommunestyret går ut frå at også dette fullføringsarbeidet av felt 1 vert utført som dugnadsarbeid i regi av Solevåg idrettslag og Solevåg vel.

3. Kommunestyret syner vidare til vedtak frå Sula kommunestyret utval frå møte 20.10.81 attiljevne øvst på side 3 i saksframstillinga til R-sak 21/82 og seier seg sams med kommunestyret. Kommunestyret vil likevel gi uttrykk for at i det utgretingsarbeidet som i den samanhangen må gjerast vert det og tyvands å søkje aklara med statlege styremakter kva arealkreng som den planlagde utbygginga (ny utvalsskule) utgjør. Dette inneber at kommunestyret ikkje har noko å merke til at formannskapet saman med andre interesserte partar tar med i vurderinga andre alternativ som ein kan tenkje seg vil interessere kommunestyret.

4. Kommunestyret finn av omsyn til skilde meiningar om arealutnyttinga i "Sundsmyra" grunn til å understreke at reguleringsformålet i den stadfesta reguleringsplanen står fast for dette området, og kommunestyret er no på same måten som kommunestyret var det i møte 2. november 1978 av den oppføring av gjenomføring av pkt. 2 ovenfor er innnanfor reguleringsformålet."

Oddvar Mølver sette fram slikt framlegg til eit nytt pkt. 4 i staden for pkt. 4 i tilrådinga frå formannskapet:

"4. Når det gjeld vidare planar for idrettsanlegg i Solevåg klubb, vedtar kommunestyret at ein ber vente med desse til samla planar for idrettsanlegga i Sula ligg i tve frå kulturstyret."

Halvård Rønnefjell gjorde slikt framlegg til tillegg til pkt. 4 i tilrådinga frå formannskapet:

"Inntil Solevåg ik har skaffa seg sitt eige idrettsanlegg, får laget høve til å drive del aktivitetar som det i dag er som for i "Sundsøyra."

Arne Jernim sette fram slikt formløgg til vedtak:

"Saka vert utsatt for ny vurdering i formannskapet."

Formannskapet om utsetjing frå Leheim fekk 19 røyster og vart dermed vedtatt. 18 røysta mot.

NY FØREHVAING I FORMANNSKAPET

TILRÅDING I FORMANNSKAPET 30.01.82:

Saka vart samrøystes utsett til neste formannskapsmøte, torsdag 15. april 1982.

TILRÅDING I FORMANNSKAPET 27.04.82:

For Ivar B. Melvær satte Kjell Hoff, 7 vokerande, for Roger Fliskerstrand satte Kjell Hoff, 7 vokerande.

Kjell Hoff tok opp alle tilrådinga frå formannskapet 23.02.82.

Halvård Rønnefjell tok opp alle framlegget sitt frå kommunestyret 11.01.82 til tillegg til tilrådinga frå formannskapet 23.02.82.

Samlegga frå Hoff og Rønnefjell vart samrøystes tiltrådde. Den samrøysta tilrådinga frå formannskapet fekk såleis slik ordlyd:

"I utfrå at Sundsgreområdet ligg utværlig til andsynes trafikk og parkeringsforhold, og at området ligg nær bustadområde, kan ikkje Sula kommunesyre vedta utbygging til m.a. idrettsforenål slik del framlaude planane foreset.

2. Kommunestyret vedtar at Sundsgreområdet skal vere eit fri-utfomsråde med fritt tilgjenge for alle. Teknisk etar v/utleggsvedetninga i samråd med friluftssnnda skal ha ansvar for vidare opparbeiding m.v..

3. Midlar som kommunen finn å kunne avsetje til forenålet vert løynde i samband med vedtak om prioritetelista for parkar og arktanleigg kvart år.

4. Kommunestyret ber om at det vert tatt steg for å tilvish Solevåg ik eit høvdeleg areal for framtidig idrettsanlegg for Solevåg klub.

Inntil Solevåg ik har skaffa seg sitt eige idrettsanlegg, får laget høve til å drive del aktivitetar som det i dag er som for i Sundsøyra."

Ståle Tangen konsulent

Vedtök i kommunestyret 8.6.82:

VEIKORANDÉ URUTTING AV OMRADE "SUNDSØYRA"

Knut Asbjørn Solevåg tok opp att framlegget sitt til vedtak frå kommunestyremøtet 11.1.82.

Per Sorliehaug gjorde framlegg om endring av tilrådinga frå formannskapet pkt. 4. 2. avsnitt til slik ordlyd:

"I påvente av eit framtidig idrettsanlegg for Solevåg krins blir stemmeplassen i Sundsøyra utvida til 90 x 45 meter."

Sindre Digernes gjorde framlegg om utsetjing av saka.

Olav H. Solevåg gjorde framlegg om gruppemøte.

Kommunestyret vedtok samrøystes å halde gruppemøte.

Etter gruppemøte trekte Sindre Digernes framlegget sitt om utsetjing attende.

Med vøleringa vart det først røysta over framlegget til vedtak frå Knut Asbjørn Solevåg. Framlegget frå Solevåg fekk 2 røyster og fall. 27 røysta mot.

Derefter vart det røysta punktvis over tilrådinga frå formannskapet/framlegget frå Per Sorliehaug:

PKT. 1 i tilrådinga frå formannskapet vart vedtatt med 26 røyster.

3 røysta mot.

PKT. 2 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt.

PKT. 3 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt.

PKT. 4. 1. avsnittet i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt.

PKT. 4. 2. avsnittet i tilrådinga frå formannskapet vart vedtatt med 20 røyster. 9 røysta for framlegget frå Per Sorliehaug i høve.

PKT. 4. 2. avsnittet.

Roger Fliskerstrand fekk permisjon frå resten av møtet og gjekk frå. 28 vølerande.

16/1/84

Ståle Tangen konsulent

## Vedlegg 7: Eget notat fra møtet 20.08.2013

### Habilitet og inhabilitet i Sula kommune

Den 20. august var eg til stades som tilhøyrar i møte i Det faste utvalet for plansaker (Planutvalet) i Sula kommune. Eg ville høyre korleis utvalet handsama klagesaka vår i P-sak 077/13, som eg her kallar "Sundsmyr-saka".

Eit av klagepunkta vi hadde i høve til sakshandsaminga av "Sundsmyr-saka" var at vi meiner at rådmann Leon Aurdal og ordførar Geir Ove Vegsund er inhabile i saka. Saka dreier seg i stor grad om at området skal overlatast til fotball-føremål.

Leon Aurdal er formann i Sunnmøre Fotballkrets. Heile saksførebuinga hans ber preg av at han ynskjer at "fotballen" skal få hand om Sundsmyra. Han har m.a. selektert ein skilde setningar i dei to kommunestyrevedtaka (21/82 og 62/84) på ein slik måte at han berre legg fram det at idrettslaget skal få bruke området til fotball inntil vidare, og utelater resten av vedtak-tekstane. På det grunnlaget skriv han at det kan byggast fotballbane, sjøl om vedtaka faktisk seier det motsette.

Ordførar Geir Ove Vegsund var med og starta den gruppa som no er pådrivarar for å få bygd ut bana til fotballbane. Han trakk seg ut då han vart ordførar, men han legg ikkje det minste skjul på at han vil ha fotballbana bygd, og at han vil arbeide for dette.

På møte i Planutvalet 20/8 2013 vart klagesaken handsama. Første punkt var habiliteten til rådmann og ordførar. Det kan kanskje vere av ei viss interesse å klargjere korleis dette gjekk føre seg.

Då habilitetssaka kom opp trådte ordførar frå, d.v.s. han reiste seg og sto ved vindaug. Rådmann vart sitjande. Møtet vart då leia av varaordførar. Han visste ikkje si arme råd, og spurde rådmannen om kva han skulle gjere! (Rådmannen valgte å ikkje svare). Under "ordet fritt" var det ein representant som forklarte at han meinte at dette med habilitet var noko stort tull. Han hadde nemleg sjøl vore med og bevilga ein stor pengesum til eit anna idrettslag mans han satt i styret for det laget, og han var då ikkje inhabil av den grunn, kunne han fortelle. Varaordføraren vart så gjort merksam av ein annan representant på at viss ein eller begge blir kjent inhabile, då må dei nullstille saka, og begynne sakshandsaminga på nytt. Varaordf.: "Hæ, må vi det?? Jamen, det kan vi no vel ikkje begynne med! Då må vi bestemme at dei er habile! Eg foreslår at vi kjenner dei habile. Det er mitt forslag. Vi stemmer!" Så vart det avstemming, og det vart vedteke at dei var habile.

Forvaltningslova kap. 2 set strenge krav til at saker skal handsamast av habile folk, slik at det ikkje kan reisast tvil i etterkant om handsaminga har gått rett føre seg. I Sula Kommune er det omvendt. Der gjeld det å kjenne folk habile, for å slippe å måtte gjere noko om att.

Harald Gjørund  
Sundsmyrvegen 21  
6037 Eidsnes

Vedlegg 3: K-sak 62/84

**SULA KOMMUNE**

RÅDMANNSKONTORET

Postboks 280

6030 LANGEVÅG

Telefon: (071) \*92 800

Til formannskapet

F-sak 164/84 (A)

Arkiv 102.1 BIR/MN Dato 15.3.84

K-sak 62/84

**UTNYTTING AV SUNDSMYRA**

./.. Som vedlegg følger:

1. K-sak 21/82 vedk. utnytting av Sundsmyra.
2. Brev frå Solevåg IL dagsett 16.01.84 med krav om ny handsaming i kommunestyret av spørsmålet om bruks- og disposisjonsretten til Sundsmyra.
3. Brev frå rådmannen dagsett 6.2.84 til teknisk hovudutval, kulturstyret og friluftsnemnda.
4. Brev frå Solevåg IL dagsett 10.2.84 med utfyllande opplysningar til tidlegare brev.
5. Utskrift frå møteboka til Sula friluftsnemnd - sak 11/84.
6. Utskrift frå møteboka til hovudutvalet for kultur - sak 25/84.
7. Utskrift frå møteboka til teknisk hovudutval - sak 19/84.

Innleiing.

Denne saka har røter attende til tida før 1.1.77 og har seinare vore drøfta/førehadd i ulike organ innanfor Sula kommune.

Saka legg no opp til å avklare om Solevåg IL skal få løyve til å utvide ballfeltet i Sundsmyra. Spørsmålet om bruks- og disposisjonsretten må sjåast i samanheng med det vedtaket Sula kommunestyre gjorde i K-sak 21/82. Vedtaket har slik ordlyd:

- "1. Utifrå at Sundsmyrområdet ligg uhøveleg til andsynes trafikk- og parkeringsforhold, og området ligg nær bustadområde, kan ikkje Sula kommunestyre vedta utbygging til m.a. idrettsføremål slik dei framlagde planane føreset.
2. Kommunestyret vedtar at Sundsmyrområdet skal vere eit friluftsområde med fritt tilgjenge for alle.  
Teknisk etat v/anleggsavdelinga i samråd med friluftsnemnda skal ha ansvaret for vidare opparbeiding m.v.
3. Midlar som kommunen finn å kunne avsetje til føremålet vert løyvde i samband med vedtak om prioritetslista for parkar og grøntanlegg kvart år.
4. Kommunestyret ber om at det vert tatt steg for å tilvise Solevåg IL eit høveleg areal for framtidig idrettsanlegg for Solevåg krins.  
Inntil Solevåg IL har skaffa seg sitt eige idrettsanlegg, får laget høve til å drive dei aktivitetar som det i dag er rom for i Sundsmyra."

Solevåg IL er ikkje nøgd med dette vedtaket, og ber om at Sula kommunestyre handsamar spørsmålet om bruks- og disposisjonsretten på nytt. Dei viser mellom anna til at vedtaket i kommunestyret inneber at Solevåg IL ikkje har høve til å avvikle fotballkampar i aldersbestemte klasser på Sundsmyra. Solevåg IL meiner det er beskjedne tiltak som skal til for at anlegget i Sundsmyra kan utnyttast til avvikling av kampar i aldersbestemte klasser.

#### Arealutnytting i Sundsmyra.

Solevåg IL søker konkret om løyve til å utvide eksisterande anlegg i Sundsmyra med 15 m i retning sør/aust og 15 m i nord/vest.

I brev dagsett 6.2.84 vart hovudutvalet for teknisk sektor, hovudutvalet for kultur og friluftsnemnda bedne om å vurdere søknaden frå Solevåg IL i høve til det vedtaket Sula kommunestyre gjorde i sak 21/82.

Friluftsnemnda viser til sine tidlegare vedtak i saka der dei stiller seg positive til ei utviding av ballplassen på Sundsmyra.

Kulturstyret hadde saka til handsaming i sak 25/84 og gjorde slikt vedtak:

"Hovudutvalet for kultur viser til brev av 16.01.84 frå Solevåg IL til kommunen om bruks- og disposisjonsretten til Sundsmyra. Hovudutvalet forstår den vanskelege situasjonen idrettslaget er oppe i med omsyn til bane for fotballgruppa og vil tilråde at balløkket på Sundsmyra kan bli utvida til målkravet for minibaner. Kulturstyret vil understreke at ei eventuell løyve til utviding bør knyttast til ein plan for arbeidet med kostnadsoverslag og finansieringsplan.

Ei slik utviding må reknast som ei mellombels løysing for idrettslaget sitt anleggsbehov. Hovudutvalet minner om sitt vedtak i KU-sak 80/83 om omregulering av O 1 i reguleringsplanen for Sunde. Hovudutvalet for tekniske saker blir oppmoda om å gjere fortgang i denne saka slik at planarbeidet med idrettsanlegg på Olamyra kan ta til."

Også hovudutvalet for teknisk sektor stiller seg delvis positiv til ei utviding av Sundsmyra, og går samrøystes inn for at ballfeltet i Sundsmyra kan utvidast til 48 x 68 m.

Teknisk hovudutval gjer det likevel klart at dei økonomisk ikkje kan bidra med noko for å utvide ballplassen på Sundsmyra.

#### Konklusjon.

Kommunestyret har tidlegare gjort vedtak om at Sundsmyra ikkje skal utbyggast til idrettsføremål, men at området skal vere eit friluftsområde med fritt tilgjenge for alle. Kommunestyret har vidare bede om at det vert teke steg for å tilvise Solevåg IL eit høveleg areal for framtidig idrettsanlegg for Solevåg krins. Inntil Solevåg IL har skaffa seg sitt eige idrettsanlegg, får laget høve til å drive dei aktivitetar det er rom for i Sundsmyra.

Dette betyr at kommunestyret har opna for ei utviding, dersom dette ikkje kjem i konflikt med andre interesser.

Dei organa som har uttalt seg i saka, er positive til ei utviding av bana, slik at den får statur som minibane. Dette betyr ei utviding slik at bana får eit brutto areal på 45 x 75 m.



Teknisk sjef har kalkulert kostnadene ved ei slik utviding til om lag kr 19 000,-. Teknisk hovudutval peikar vidare på at det for 1984 ikkje finst disponible midlar innan H.k. 1.6 til utviding av bana på Sund Smyra.

Etter ei samla vurdering vil eg rå kommunestyret til å gå inn for ei utviding av balløkkå på Sund Smyra, slik at denne får status som minibane. Dette betyr derimot ikkje at kommunen tek på seg kostnadene med ei utviding av balløkkå. Dersom bana skal utvidast i år, må kostnadene dekkjast av Solevåg IL.

#### INNSTILLING:

1. Sula kommunestyre viser til brev dagsett 16.01.84 frå Solevåg IL til kommunen om bruks- og disposisjonsretten til Sund Smyra, og til tidlegare vedtak i K-sak 21/82 og stadfester dette.
2. Men ut frå den vanskelege situasjonen idrettslaget er oppe i med omsyn til bane for fotballgruppa, godkjenner kommunestyret at balløkkå i Sund Smyra kan bli utvidast til målkravet for minibaner. Ei slik utviding må reknast som ei mellombels løysing for idrettslaget sitt anleggsbehov.
3. Kostnadene ved ei utviding av balløkkå på Sund Smyra må dekkjast av Solevåg IL.
4. Arbeidet må skje i samråd med aktuelle kommunale organ.

*Oystein Grønmyr*  
Oystein Grønmyr  
rådmann

*Bjørn Ivar Rødal*  
Bjørn Ivar Rødal  
førstesekretær

#### Vedtak til:

Hovudutvalet for teknisk sektor.  
Hovudutval for kultur.  
Friluftsnemnda.  
Solevåg IL.

#### TILRÅDING I FORMANNSKAPET 20.3.84:

For Arne Lerheim møtte Øyvind Helgesen.

7 voterande.

Innstillinga frå rådmannen vart tilrådd mot to royster.

#### VEDTAK I KOMMUNESTYRET 27.3.84:

29 voterande.

Formannskapet si tilråding vart samroystes vedtatt.

Reitt avskrift:

*Marie Nilsen*  
Marie Nilsen  
kontorass.

Bjørn Ivar Rødal  
referent





Sula  
kommune

Rådmannskontoret

Vedlegg 4: K-sak 10/87

105

Til formannskapet

Dykkar ref.:

RF/JH ark. 561

Vår ref.: F04187RF.561

Dato: 28.01.87

F-sak 041/87 (A)  
K-sak 10/87

OVERTAKING AV VEG 4 (LEIRVÅGDALEN) I REGULERINGSPLANEN FOR SUNDE  
- LEIRVÅG - BUDSJETTDEKKING M.M.

./.. Kommunestyret vedtok i K-sak 63/85 at veg 4 i reguleringsplanen for Sunde - Leirvåg skulle overtakast til kommunal veg og utvidast i samsvar med reguleringsplanen. Etter at kommunen hadde sendt ut førespurnad om avståing av grunn, kom grunn-eigarane med eit utspel der dei foreslo at vegen kunne brukast som tilkomst til Sundsmyra utan utviding.

./.. Etter ein del forhandlingar vart det endelege forslaget lagt fram for formannskapet i F-sak 353/86.

./.. Formannskapet hadde ikkje noko å innvende mot forslaget. Teknisk hovudutval sitt syn vart lagt fram i brev datert 10.12.86.

Teknisk hovudutval har ikkje innvendingar mot at kommunen tek over vegen til kommunalt vedlikehald i samsvar med reg. nr. 56.500. Vanlegvis skal oppsitjarane koste opprusting før kommunen tek over vegen, men i særlege høve der kommunen har interesser i vegen, slik som her, kan kommunen dekkje dette. Dette prosjektet er ikkje med i prioriteringslistene for i år eller neste år.

./.. I brev datert 17.12.86 opplyser teknisk etat at det pga. overflatevatn frå dei eldste sikringsvollane må leggest ei overvassleidning på oppsida av vegen. Dette vil auke utbetningskostnadene med kr 70 000,- og bør reknast med i vegprosjektet.

I brevet datert 10.12.86 har teknisk etat kostnadsrekna utbetringa av sjølve den eksisterande vegen til kr 90 000,-. I tillegg kjem legging av fast dekke med kr 52 000,- og overvassleidning nemnt ovanfor med kr 70 000,-. Samla utbetningskostnad skulle dermed bli kr 212 000,-.

./.. Formannskapet har i F-sak 31/87 gitt løyve til at arbeidet med lenging av veg 4 kan utførast i samsvar med reguleringsplanen med budsjettavklaring seinare. Dette arbeidet vil likevel ikkje bli starta før etter at kommunestyret har tatt stilling til saka som

blir lagt fram her. Utgiftene er òg tekne med i kostnadsover-  
slaget nedanfor.

Teknisk etat har sett opp slikt kostnadsoverslag over lenging av  
eksisterande veg til enden av regulert veg (omlag 90 m) og  
parkeringsplass for 15 bilar:

90 m veg:

Grovplanering	kr 30 000,-	
Kulvert	kr 16 000,-	
Berelag/forsterkningslag	kr 65 000,-	
Fast dekke	<u>kr 17 000,-</u>	= kr 128 000,-

Parkeringsplass 450 m<sup>2</sup>

Grovplanering	kr 20 000,-	
Berelag/forsterkningslag	kr 55 000,-	
Fast dekke	<u>kr 14 000,-</u>	= <u>kr 89 000,-</u>
		= <u>kr 217 000,-</u>

Samla utgifter til vegprosjektet skulle dermed bli:

Utbetring av eksisterande veg	kr 90 000,-
Fast dekke	kr 52 000,-
Overvassledning	kr 70 000,-
Ny veg	kr 128 000,-
Parkeringsplass	<u>kr 89 000,-</u>
	kr 429 000,-
M.v.a.	<u>kr 61 000,-</u>
	<u>kr 490 000,-</u>

I samband med K-sak 63/85 hadde teknisk etat kostnadsrekna ei  
utbygging i samsvar med reguleringsplanen til kr 420 000,-. Då  
var ikkje parkeringsplass og overvassledning medrekna.

Utgiftene kan verke høge, men det er no viktig å få til ei  
brukbar løysing på problemet med tilkomstveg til Sundsmyra. Den  
foreslåtte løysinga no er likevel rimelegare enn ei full ut-  
bygging etter reguleringsplanen.

- ./.
- Eg vil rå til at kommunestyret godkjenner vedlagde avtale, der  
punkta er i samsvar med det ein har kome fram til i tingingar med  
grunneigarane. Eg vil i den samanheng presisere at berre dei  
grunneigarane som har bygt i området, har vore med i tingingane.  
Det er framleis nokre tomter som ikkje er bygde på, og eigarane  
av desse må kontaktast.

For at kommunen skal kunne ta over vegen, må alle aktuelle grunneigarar skrive under på ei fråsegn. Dersom nokon skulle nekte dette, kan ikkje overtakinga gjennomførast. Då må kommunen oreigne overtakingsrett, men skal ein gå til eit slikt steg, vil eg tilrå at det blir oreigna grunn til utviding av vegen i samsvar med reguleringsplanen.


## INNSTILLING:


1. Sula kommunestyre godkjenner utkastet til avtale med grunneigarane langs veg 4 på Sunde, og vedtar at vegen skal overtakast til kommunalt vedlikehald under føresetnad av at alle aktuelle grunneigarar langs vegen skriv under avtalen og fråsegna i samband med overtakinga.
2. Kommunen tek på seg den nødvendige opprustinga av vegen. Utgiftene skal dekkjast over desse underpostane:

6.613.510 Opprusting veg Leirvågdaalen	kr 247 000,-
6.660.470 Veg og parkeringsplass Sundsmyra	kr 243 000,-

Utgiftene blir inntil vidare å utgiftsføre innan ramma for investeringar på teknisk sektor for 1987. Spørsmålet om ekstraløyving blir å ta stilling til seinare når det m.a. er avklara om prosjekt på prioriteringslistene for teknisk sektor for 1987 ikkje kan utførast og det er avklara om avtalane etter pkt. 1 kjem i stand.

3. Dersom avtalar ikkje kjem i stand, må kommunen vurdere å oreigne grunn til utviding av vegen i samsvar med reguleringsplanen.

  
Øystein Grønmyr  
rådmann

  
Ragnhild Fiskerstrand  
førstesekretær

Vedtak til:  
Teknisk etat  
Grunneigarane  
Solevåg Idrottslag  
Kommunekasseraren  
Kommunerevisjonen  
Mappe for budsjettendring 1987

TILRÅDING I FORMANNSKAPET 03.02.87:

7 voterande.

For Arne Sandvik møtte Olav Øren.  
For Arne S. Bjørkavåg møtte Per Sortehaug.

Samrøystes vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet ber ordføraren drøfte med teknisk sjef detaljar om plassering og opparbeiding av parkeringsplass, standard og lengd på den forlengde vegen for å få til ein reduksjon i kostnadene. Formannskapet ber om å få ny kostnadsoppstilling på grunnlag av dette til ekstra formannskapsmøte 10.02.87.

TILRÅDING I FORMANNSKAPET 10.02.87:

7 voterande.

For Roger Fiskerstrand møtte Per Sortehaug.  
For Arne Sandvik møtte Øyvind Helgesen.  
For Arne Lerheim møtte Olav Øren.

Revidert kostnadsoverslag over ei redusert utbygging vart lagt fram, og utifrå dette tilrådde formannskapet samrøystes slik endring av første del av pkt. 2.:

"2. Kommunen tek på seg den nødvendige utbetringa av vegen og bygger han ut i samsvar med planar i revidert kostnadsoverslag frå teknisk etat datert 06.02.87.

Utgiftene skal dekkjast over desse underpost ane:

6.613.510 Opprusting veg Leirvåg-	
dalen	kr 247 000
6.660.470 Veg og parkeringsplass	
Sundsmyra	kr 103 000"

Pkt. 1 og 3 og siste avsnitt av pkt. 2 i rådmannen si innstilling vart deretter samrøystes tilrådd.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 10.02.87:

29 voterande.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedtatt.

Rett avskrift:

Jorunn Havnegjerde  
Jorunn Havnegjerde  
fullmektig

Ragnhild Fiskerstrand  
førstesekretær